



FYLKESMANNEN I SOGN OG FJORDANE

Sakshandsamar: Torkel Matias Hofseth
Telefon: 57643083
E-post: fmsftmh@fylkesmannen.no

Vår dato
06.06.2014
Dykkar dato
11.04.2014

Vår referanse
2014/1733 - 530
Dykkar referanse

Landbruks- og matdepartementet
Postboks 8007 Dep
0030 OSLO

Høyring - ny forskrift om planlegging og godkjenning av landbruksvegar og endring i forskrift for tilskudd til nærings- og miljøtiltak i skogbruket

Vi viser til brev frå Landbruks- og matdepartementet, datert 11.04.2014, der Fylkesmannen vert bede om å kome med merknadar og innspel til ny «Forskrift om planlegging og godkjenning landbruksveier», samt endring i NMSK-forskrifta.

Vi kommenterar berre dei §§ vi har merknadar til.

Vi syns det er positivt at departementet forenkler namnet på forskrifta.

§ 1-2: Vi er i tvil om omgrepet «andre vegar», mogleg det burde vore presisert som «enklare/ smalar vegar enn vegklasse 8 og bilvegar med låg berevne berekna for personbil».

§ 1-3. Virkeområde

Vi forstår forskriftsforslaget slik at det omfattar både permanente og midlertidige vegar. Med midlertidige vegar tenkjer vi på driftsvegar i skogbruket som vert bygd for at skogsmaskinar skal kome fram under skogsdrift, inkludert vegar bygd i samband med såkalla gravedrifter eller enkle standplassar for taubane. Ut frå den praksis vi kjenner til i kommunane trur vi ikkje landbruksvegforskrifta er det rette verktøyet for å regulere det meste av den driftsrelaterte vegbygginga, og at det først og fremst bør vere berekraftforskrifta som regulerer dette. Det kan i så fall vere oppklarande med ei presisering i berekraftforskrifta med krav om deaktivering og tilbakeføring/attbygging av midlertidige vegar og ei tilsvarande presisering i landbruksvegforskrifta.

Landbruksverksemd – utrekning av økonomisk nytte

For skogbruk har det alltid vore praktisert økonomisk nytteberekning etter relativt enkle og velkjende metodar. For anna landbruksnytte finns det ingen enkel metodikk eller retningsliner for økonomiske utrekningar. Vi ønskjer oss difor eit sett med sjablongmessige retningsliner for berekning av økonomisk vinst ved bygging av landbruksvegar.

§ 2-2: Krav om konsekvensutreiing

I Sogn og Fjordane har vi i følgje kommunale hovudplanar for skogsvegar fleire større område der planlagd veglengde overskrider 5 km. Vi meiner at det er unødvendig strengt og byråkratiserende å krevje KU ved alle landbruksvegsøknadar lengre enn 5 km. Landbruksnæringa i Sogn og Fjordane opprettheld levande bygder og busetnad, men lønsemda i å drive jord- og skogbruksdrift er som oftast låg. På Vestlandet inneber vegplanar lengre enn fem kilometer i all hovudsak heilskaplege områdeløysingar, jfr § 3-2, med omfattande og kanskje skjøre avtalar om grunneigarsamarbeid. Kravet om konsekvensutgreiing for vegar over 5 km kan lett føre til færre større fellesanlegg, som oftast

Hovudkontor
Njøsavegen 2, 6863 Leikanger
Telefon: 57 64 30 00
Telefaks: 57 65 33 02
Org.nr 974 763 907

Landbruksavdelinga
Fjellvegen 11, 6800 Førde
Postboks 14, 6801 Førde
Telefon: 57 64 30 00
Telefaks: 57 82 17 77

E-post:
fmsfpost@fylkesmannen.no
Internett:
www.fylkesmannen.no/sfj

er best med omsyn på felles ressursutnytting og samla naturinngrep. Vi oppfattar også kravet om KU ved vegar lengre enn 5 km som vesentleg strengare enn det som går fram av vedlegg II til «Forskrift om konsekvensutredningar» der det står at konsekvensutgreiing *skal vurderast* etter nærare kriterier jfr FKU § 4. I utgangspunktet meiner vi minimum veglengde for vurdering av KU er sett for lågt i KU-forskrifta, og bør aukast til minst 10 km. Uansett foreslår vi at teksten i landbruksvegforskrifta vert endra til:

§ 2-2 Vurdering av konsekvensutredning og forhåndsgodkjenning
Ved søknad om nybygging av landbruksveier med en lengde på over 5 (event 10 km) km skal det vurderes om tiltaket skal konsekvensutredes før vedtak fattes, jf. forskrift 26. juni 2009 nr. 855 om konsekvensutredninger § 3 bokstav e, vedlegg II nr. 38.

Avkjørsler fra offentlig vei ...

§ 3-2 og 3-4: Vi ønsker at kommunene skal bruke databasen ØKS ved behandling av alle vegsaker, og at vegtrasé og dekningsområde SKAL leggest inn i systemet. Vi trur forskrifta eller rundskriv til forskrifta er eigna for å pålegge dette. Under dette kjem også registrering av at anlegget faktisk er bygd.

Utover dette har vi ingen merknadar til landbruksvegforskriftsendringa.

Endringa i NMSK-forskrifta har vi ingen merknadar til.

Med helsing

Christian Rekkedal
landbruksdirektør

Torkel Matias Hofseth
fylkesskogmeister

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ikkje underskrift.